



Hareid kommune

REGULERINGSFØRESEGNER TIL DETALJREGULERING FOR

Hareidsmyrane Nord 2

PLANID: 2016006

Føresegner datert 26.10.2017, revidert 30.04.2018, sist revidert 15.08.2022.

Plankart datert 26.10.2017, revidert 30.04.2018, sist revidert 15.08.2022.

Godkjent av Hareid kommunestyre i møte XX.XX.XXXX, sak PS XX/XX.

§ 1 GENERELT

- 1.1 Reguleringsplanen er utarbeidd som detaljplan i samsvar med PBL 2008. Reguleringsføresegnene gjeld innafor det området som er synt med reguleringsgrenser på plankartet.
- 1.2 Føresegnene gjeld i tillegg til reglane i plan- og bygningslova med forskrifter, samt vedtekter til plan- og bygningslova vedtekne av Hareid kommune. Ved avvik, gjeld det som er fastsett i føresegnene.
- 1.3 Etter at reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.
- 1.4 Areal innafor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med PBL til fylgjande føremål:

Byggje- og anleggsformål (PBL § 12-5 nr. 1):

B1 – B2	Bustader (Sosi-kode 1110)
BF	Bustader-frittliggjande-småhus (Sosi-kode 1111)
BK	Bustadar- konsentrert-småhus (Sosi-kode 1112)
T	Offentleg eller privat tenesteyting (brannstasjon, tekniske anlegg m.m.. (Sosi-kode 1160)
BV	Bensinstasjon/vegserviceanlegg (Sosi-kode 1360)
IDR	Idrettsanlegg (Sosi-kode 1400)
LEK	Leikeplass, felles (Sosi-kode 1610)
F/K/I1 – F/K/I6	Forretning/kontor/industri Kombinert område (Sosi-kode 1811)

Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr. 2)

o_KV1 - o_KV5	Køyreveg - offentlig (Sosi-kode 2011)
f_KV6 - f_KV9	Køyreveg - felles (Sosi-kode 2011)
o_GS1 - o_GS11	Gang-/sykkelveg - offentlig (Sosi-kode 2015)
o_GG1 - o_GG2	Gangveg/gangareal - offentlig (Sosi-kode 2016)
o_AVT1 - o_AVT43	Annan veggrunn - teknisk - offentlig (Sosi-kode 2018)
o_KH1 - o_KH2	Kollektivhaldeplass - offentlig (Sosi-kode 2073)
o_P	Parkeringsplass - offentlig (Sosi-kode 2082)

Grøntstruktur (PBL § 12-5, nr. 3)

o_FRI 1 - o_FRI6	Friområde - offentlig (Sosi-kode 3040)
------------------	--

Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (PBL. §12-5, nr. 6)

o_FLVS1 - o_FLVS2	Friluftsområde (Sosi-kode 6720)
-------------------	---------------------------------

Sikringszone (PBL. § 11-8 a.1, jf. § 12-6)

a.1)	Område/zone – frisikt	H140_1 – H140_44
a.2)	Støysone raud	H210_
a.2)	Støysone gul	H220_1 - H220_2

§ 2 FELLESEGNER

2.1 Generelt

Bygg skal plasserast innanfor byggje- og anleggsformål, samt byggegrenser som er vist på plankartet.

2.2 Byggegrenser, utnyttingsgrad og byggehøgde

Bygningar skal plasserast innanfor dei viste byggegrensene på plankartet.

Tillate bebyggd areal (%-BYA) og byggehøgder skal reknast etter rettleiar "T-1459 Grad av utnytting". Nødvendig parkering inngår. Bygningar si maksimale høgde skal målast som definert i Teknisk forskrift til Plan- og bygningslova, TEK17, § 6-2 eller tilsvarende. Tillatne gesims- og mønehøgder er oppgitt under byggeområde i desse føresegnene.

2.3 Universell utforming

Universell utforming skal leggest til grunn i utforming av byggje- og uteområde.

2.4 Bygg og anlegg

Kommunen skal ved handsaming av byggesøknader sjå til at nye bygg og anlegg får ei god form. Det skal leggest vekt på å få til ei god estetisk utforming av heile området i tråd med gjeldande rettleiarar.

Kommunen kan krevje at det vert utarbeidd teikningar som viser tilpassing av nytt bygg sett i forhold til kringliggande bygningar. Kommunen kan stille krav om perspektivteikning eller 3D-modell som viser nye bygningar saman med kringliggande omgjevnader. Overskotsmasse skal køyrast vekk.

2.5 Situasjonsplan

Ubygde delar av byggeområda skal gjevast ei tiltalende utforming. Ved byggesøknad skal ein legge ved situasjonsplan i målestokk ikkje mindre enn 1:500 som forklarar korleis den ubygde delen av tomta skal nyttast og utformast; herunder terreng, til planting, trafikkareal og parkeringsløyving. Situasjonsplanen skal også vise tilslutning mot naboeigedomar der eventuelle høgdeforskjellar vert teke opp med støttemurar, nytt gjerde o.l. Planen skal vere høgdesett.

2.6 Tekniske installasjonar

Innanfor byggeområdet kan det førast opp trafokioskar, pumpestasjonar og andre tekniske innretningar der det er nødvendig. Frittstående bygg til slike føremål skal ha dimensjon, form og farge som er tilpassa bygg elles i området. Før utbygg skal det utarbeidast samla detaljplan for vegar, vatn, avløp, renovasjon og andre tekniske anlegg. Samla teknisk plan skal godkjennast av kommunen. Tekniske planar og andre forhold som gjeld fylkesvegen skal godkjennast av vegeigar.

2.7 Støy

Alle tiltak skal planleggast slik at støyforhold innandørs og utandørs blir tilfredsstillande i høve gjeldande «Retningslinje for støy i arealplanlegging», T-1442.

2.8 Reklametiltak (skilt)

Utforming og oppsetting av reklameskilt skal behandlast etter §33 i Veglova. Reklameskilt, transparentar, flaggstenger og andre reklameinnretningar må ikkje settast opp før løyve frå vegeigar ligg føre. Det skal leggast spesiell vekt på ei god estetisk utforming.

2.9 Kulturminne

Dersom ein under utbygging av planområdet kjem over automatisk freda kulturminne i grunnen pliktar ein å stoppe arbeidet, og ta kontakt med fylkeskommunen (fylkeskonservator) for avklaring før arbeidet kan fortsette.

2.10 Parkering og serviceareal

For bustadar i områda BF og BK skal det setjast av plass for bil på eigen grunn. Einebustader og tomannsbustader skal ha dekning for 2 biloppstillingsplassar pr. bueining. Firemannsbustader og rekkjehus skal ha dekning for 1,5 biloppstillingsplassar pr. bueining. For hybelbygg er kravet 1 biloppstillingsplass pr. hybeleining.

Garasje/carport i områda BF og BK plassert med vinkelrett vegtilkomst, skal plasserast min. 5 m frå regulert trafikkareal, jf. Pbl § 12-7. Dette sjølv om byggjegrense er vist som 4 m frå regulert vegareal. Kommunen kan tillate garasje/carport med innkøyring parallelt med veg, inntil 2,5 m frå regulert trafikkareal.

Forretningsbygg/kontor i områda F/K/I skal ha oppstillingsplass på eiga tomt eller på fellesareal for fleire tomter for minimum 1 bil pr. 50 m² golvflate i bygning, til dette kjem lasteareal for vare- og lastebilar.

Industri, lagerbygg og bygg i område T skal ha oppstillingsplassar for minimum 1 bil pr. 100 m² golvflate i bygning, til dette kjem lasteareal for vare- og lastebilar.

Oppstillingsplass for motorsyklar og syklar skal avsetjast på eiga tomt eller på fellesareal for fleire tomter. På sentrale stader kan ein ta avgjerd om færre oppstillingsplassar enn nemnt før, når trafikktilhøva på staden etter sakkunnig fråsegn tilseier dette.

2.11 Grunnforhold

Før igangsetjing av nye tiltak må behov for grunnvannsregistrering vurderast, då det i utføringsfasen vil kunne førekome grunnvannsenking som igjen kan føre til setningsproblematikk for installasjonar, anlegg og bygningar i området.

2.12 Flaum- og erosjonstilhøve

Ferdig opparbeidd terreng kring ny kanal o_FLVS1-2 må ligge på minimum kote 20,5. Det er sett krav om dette for tilgrensande områder (BK, F/K/I2 og F/K/I3) i § 3.3 og 3.8.

§ 3 BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL § 12-5, nr. 1)

3.1 Bustadar (B1 – B2)

Områda B er eksistande bustadområde med formål bustadar. Områda er tilleggsareal til tilgrensande bustadtomter. Bygg i området er ikkje tillate.

3.2 Bustadar frittliggjande småhus (BF)

Område BF er område med eksisterande bustad.

Nye bustadar i området skal ikkje overstige mønehøgd på 8 meter og gesimshøgd 6,5 meter over gjennomsnittleg ferdig planert terreng rundt bygget.

I området skal garasjar ikkje byggjast større enn 46 m² grunnflate og då berre i ei høgd. Garasjar skal ikkje ha større gesimshøgd enn 2,5 m og mønehøgd ikkje over 4,0 m.

Grad av utnytting i område BF er maks BYA%= 30%.

Det er krav om opparbeiding av støyskjerming for området.

3.3 Bustadar konsentrert småhus (BK)

Område BK er område bustadar konsentrert småhus.

Nye bustadar i området skal ikkje overstige mønehøgd på 8 meter og gesimshøgd 6,5 meter over gjennomsnittleg ferdig planert terreng rundt bygget.

I området skal garasjar ikkje byggjast større enn 46 m² grunnflate og då berre i ei høgd. Garasjar skal ikkje ha større gesimshøgd enn 2,5 m og mønehøgd ikkje over 4,0 m over gjennomsnittleg ferdig planert terreng rundt bygget.

Plan for detaljert utnytting av BK og f_LEK skal utarbeidast i samband med byggesak. Plan skal vise tomtedeling og plassering av bygningar/garasjar/boder, parkering og tilgrensande leikeplass i område f_LEK.

Grad av utnytting i område BK er maks BYA%= 50%.

Ferdig opparbeidd terreng må ligge på minimum kote 20,5.

Det er rekkefølgjekrav om opparbeiding av støyskjerming for området.

Det er rekkefølgjekrav om opparbeiding av felles leikeplass.

3.4 Offentleg eller privat tenesteyting (T)

Område T er område med eksisterande brannstasjon, lagerplass og kommunes tekniske ute-avdeling. Nye bygg i område T skal ikkje overstige 12 meter over gjennomsnittleg ferdig planert terreng rundt bygget.

Grad av utnytting i område T er maks BYA%= 60%.

3.5 Bensinstasjon og serviceanlegg (BV)

I område BV kan det opparbeidast bygg og anlegg for automatiske bensinpumper og energistasjonar for el-lading.

Bygningar i område BV skal ikkje overstige 6 meter over gjennomsnittleg ferdig planert terreng rundt bygget.

3.6 Idrettsanlegg, fotballhall (IDR)

I område IDR kan det opparbeidast bygg og anlegg for fotballhall.

Bygningar i område IDR skal ikkje overstige 14 meter over gjennomsnittleg ferdig planert terreng rundt bygget.

Grad av utnytting i område IDR er maks BYA%= 75%.

3.7 Leikeplass (f_LEK)

Område for leikeplass. Område f_LEK er fellesområde for bygg i område BK i planområdet og er allment tilgjengeleg. Området skal minimum ha ei sandkasse, ein benk, eit leikestativ og noko fast dekke.

Det er rekkefølgekrav i høve til etablering av felles leikeplass, og rekkefølgekrav om støyreducerande tiltak.

3.8 Forretning/kontor/industri (F/K/I1 til F/K/I6)

3.8.1 Arealbruk

Innanfor områda F/K/I1 til F/K/I6 kan det etablerast kombinerte bygg for forretning, kontor og industri/lager. Forretning/lager og industri skal fortrinnsvis etablerast i 1.etasje og kontor kan etablerast i 1, 2 og 3.etg. Lager kan etablerast som del av ovannemnde, men skal ikkje vere vendt mot gang-/ferdselsareal eller hovudinngang til bygget. Varelevering skal etablerast i dei delane av bygget som vender bort frå ferdselsareal eller hovudinngang.

Innafor områda F/K/I1 til F/K/I6 kan det etablerast forretning. Det vil også vere høve til å etablere forretningsverkserksemnd som ut frå varetype har særleg behov for bilbasert publikumstilkomst, til dømes byggjevere-, møbel- og kvitevareforretningar, bilforretningar og verksemnd for sal av jordbruksreiskap (plasskrevjande varer).

I føremålet inngår også naudsynte kontor for administrasjon av verksemdene. Bustader er ikkje tillate, men det kan etablerast vaktmeisterbustad dersom det vert dokumentert at dette er naudsynt for drift av verksemda.

Innafor områda F/K/I1 og F/K/I2 kan det etablerast detaljhandel (kolonial) med samla maksimal BRA inntil 3000m². Det er ikkje tillate med detaljhandel i områda F/K/I3, F/K/I4, F/K/I5 og F/K/I6. I

områda F/K/I3, F/K/I4, F/K/I5 og F/K/I6 kan det etablerast handelsverksemder for plasskrevjande varer.

3.8.2 Høgde og utnyttingsgrad

Bygningar i formålsområda F/K/I1 til F/K/I6 skal ikkje overstige 15 meter over gjennomsnittleg ferdig planert terreng kring bygget. Tekniske konstruksjonar på tak som i seg sjølve har eit areal på mindre enn 10 % av det totale bebygde arealet for hovudbygget, kan vere høgare enn maksimal tillate byggehøgde på 15 meter.

Grad av utnytting for kvart av områda F/K/I1 til F/K/I6 er maks BYA%= 90%.

Bygningane skal prosjekterast og byggast for oppføring av 3 etasjar. Det vert tillate med etablering av nedgraven kjellaretasje for bygga.

Nye bygningar skal ha flate tak og ei utforming som speglar dagens arkitektur.

Ferdig opparbeidd terreng må ligge på minimum kote 20,5 (F/K/I2 og F/K/I3).

3.8.3 Detaljhandel

Det er tillate å etablere kjøpesenter(detaljhandel kolonial) i byggeområda F/K/I1 til F/K/I2 med eit samla bruksareal (BRA) på ikkje meir enn 3000 m², rekna til dei bruksføremål som «Rikspolitiske retningslinjer om mellombels etableringsstopp for kjøpesenter utanfor sentrale delar av byar og tettstadar» fastsett. Bruksarealet til verksemda er definerte som summen av salgsareal, kontor, kantine og lager. Ved felles inngang til fleire verksemder skal dette reknast med i bruksarealet.

Ved byggesøknad til områda F/K/I1 og F/K/I2 skal det dokumenterast at samla bruksareal på BRA ikkje overskrider 3000 m² til detaljhandel. I utgangpunktet er dette planlagt med BRA 1500 m² på kvar av områda, men kommunen kan avgjere anna fordeling.

§ 4 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL § 12-5 nr. 2)

4.1 Offentleg køyreveg (o_KV1 til o_KV5)

Vegen skal opparbeidast og leggst om som vist i plankartet. I regulert vegggrunn er det ikkje tillate å føre opp andre innretningar/anlegg enn det som er naudsynt for drift og vedlikehald av veganlegga. Vegskjeringar og fyllingar skal plantast med stadeigen vegetasjon og gjevast ei estetisk god utforming. Planting og opparbeiding skal skje samstundes med ferdigstilling av vegen. Vegen skal fungere som ein offentlig køyreveg open for allmenn ferdsel.

Ved bygging og oppgradering av vegar o_KV2, o_KV3, o_KV4 og o_KV5 må det førast fram infrastruktur i vegggrunnen. Detaljar kring infrastruktur skal avklarast med Anleggs- og driftsavdelinga. Det vert tillate med oppføring av gatelys der dette er naudsynt.

Det er rekkefølgjekrav med omsyn til støy i høve til etablering av nye vegar og rundkøyring i o_KV1.

4.2 Felles privat tilkomstveg (f_KV6 til f_KV9)

Områda er opparbeidd med eksisterande og nye vegar. I regulert veggrunn er det ikkje tillate å føre opp andre innretningar/anlegg enn det som er naudsynt for drift og vedlikehald av veganlegga.

Veg f_KV6 skal fungere som felles privat tilkomstveg for funksjonar innanfor områda F/K/I1, F/K/I4 og F/K/6.

Veg f_KV7 skal fungere som felles private tilkomstvegar for tilgrensande eigedomar og gbnr. 46/17, 22, 29, 50, 79 og 86.

Veg f_KV8 skal fungere som felles privat tilkomstveg for tilgrensande eigedomar og gbnr. 41/4 og 228, og for gjennomgåande gang-/sykkelveg.

Veg f_KV9 skal fungere som felles privat tilkomstveg for tilgrensande eigedomar til Trudvangvegen med bruksnr. 46 på gardsnr. 42, 63, 30, 35, 38, 81, 14, 64, 65 og 66.

Det vert tillate med framføring av leidningsanlegg og oppføring av gatelys i veggrunnen der dette er naudsynt.

4.3 Gang- og sykkelveg (o_GS1 til o_GS11)

Offentlege gang- og sykkelvegar skal opparbeidast som vist på plankartet og samstundes med tilhøyrande vegareal.

Skråningar og fyllingar som følgje av opparbeiding av fortausareal skal plantast med stadeigen vegetasjon og gjevast ei estetisk god utforming.

4.4 Gangveg, gangareal (o_GG1 - o_GG2)

Områder for ny offentlig gangveg og gangareal/trapper.

Gangvegar skal opparbeidast som vist på plankartet og samstundes med tilhøyrande vegareal. Skråningar og fyllingar som følgje av opparbeiding av fortausareal skal plantast med stadeigen vegetasjon og gjevast ei estetisk god utforming.

4.5 Annan veggrunn – tekniske anlegg (o_AVT1 – o_AVT43)

Områda er offentlig annan veggrunn - tekniske anlegg i planområdet. Areal mellom gangveg og byggeareal skal opparbeidast som grøft og plantast med stadeigen vegetasjon.

Der er her tillate med framføring av leidningar, kummar, slukar og fundament i grunnen. Innanfor området kan det førast opp veglys og støttemurar der dette er naudsynt.

På gangvegar langs fylkesvegen skal støyskjermar plasserast minst 1 m frå kanten av gangveg. Støyskjermene skal danne grense mellom framtidig vegareal og tilgrensande bustad eller friområde.

4.6 Kollektivhaldeplass (o_KH1 - o_KH2)

Områder for busskur til tilgrensande busslommer - kollektivtrafikk. Offentleg.

4.7 Parkeringsplassar (o_P)

Området er avsett til offentlege parkeringsplassar for tilgrensande skule, kulturhus og idrettsanlegg.

§ 5 GRØNNSTRUKTUR (PBL § 12-5 nr. 3)

Friområde (o_FRI1-o_FRI6)

Innanfor områda o_FRI1 – o_FRI6 skal det opparbeidast friområde med planting av vegetasjon. Endeleg dimensjon og utforming av områda skal godkjennast av kommunen. Eksisterande tre skal om mogleg bevarast. Det vert tillate med hogst, fjerning av kratt og likande skjøtseltiltak i desse områda. Ved nyplanting skal brukast stadeigen vegetasjon.

§ 6 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG, MED TILHØYRANDE STRANDSONE (PBL. §12-5, nr. 6)

Friluftsområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande standsone (o_FLVS1 – o_FLVS2)

Innanfor dette området skal det etablerast naudsynt drenskanal. Det er høve til å legge enkel tilkomstveg langs drenskanalen.

Eksisterande bekk som renn gjennom reguleringsområdet skal leggjast om og følgje løpet til tilgrensande reguleringsplan Byggefelt Holstad med planID. 20070003 nord om fylkesveg 61 når denne vert etablert. Omlegging av elva skal leggjast til areal for open kanal i område o_FLVS1 og deretter fylgje eksisterande elveløp i o_FLVS2.

Drenskanalen skal opparbeidast i tråd med rapport «Overvassberekning – Hareidsmyrane nord 2», Fjordvarme AS, samt i tråd med rapport «Hareidsmyrane nord 2 – vurdering av planlagt tiltak opp mot vannressursloven», Norconsult. Kantsoner langs vassdraget skal ha minimum bredde 5 meter. på begge sider av Holstadelva. Anbefalte avbøtande tiltak skal vurderast ved opparbeiding.

Det skal etterstrebast å oppretthalde eksisterande vegetasjon langs kanalen. Ny kantvegetasjon skal etablerast i tråd med Vassressurslova (VRL).

§ 7 OMSYNSSONER (PBL § 12-6)

7.1 Omsynssone frisikt H140_1 – H140_44 (PBL. § 11 – 8 a.1)

I frisiktsoner skal det til ei kvar tid vere fri sikt i ei høgde over 0,5m over plan for tilstøytande vegar. Kommunen og vegeigar kan krevje sikthindrande vegetasjon og gjenstandar fjerna. Høgstamma tre, trafikkskilt og lysmaster kan plasserast i frisiktsona.

7.2 Omsynssone støy raud sone H210 (PBL. § 11 – 8 a.2)

I raud støysone tillatast ikkje støyfølsam arealbruk.

7.3 Omsynssone gul sone H220_1 - H220_2 (PBL. § 11 – 8 a.2)

For ny busetnad i gul støysone gjeld følgjande:

Alle bueiningar skal ha tilgang til privat uteareal der støygrensa ikkje overskrid Lden 55 dB.

Alle bueiningar skal ha minst eit soverom som vender ut mot stille side.

§ 8 – REKKEFØLGJEKRAV (PBL 12-7.)

8.1 Felles for områda F/K/I1 til F/K/I3

F/K/I1, F/K/I2 og F/K/I3 kan byggast ut trinnvis.

8.2 Rekkefølge på infrastruktur (PBL 12-7. nr. 10.)

Minimumskrav til opparbeiding og utbetring av eksisterende og nye vegar og område for felles og offentlig infrastruktur i høve til nybygg i dei ulike utbyggingsområda (BK, F/K/I1 til F/K/I6, T, BV, IDR) er vist i matrisa nedanfor.

Krav om opparbeiding av vegar gjeld også for tilhøyrande infrastruktur, gatelys, kantavslutningar, blant til anna trafikkområde grønt, fortau og grøntareal.

	Kjøreveg (KV)	Gang- og sykkelveg (GS)(GG)	Annan veggrunn (AVT)	Parkering (P)	Friomr. (FRI)	Friluftsområde (FLVS)
Område						
Bygningar og anlegg						
BK	o_KV1, o_KV2, o_KV5 og f_KV9	o_GS2 og o_GS6	Alle som grensar GS til venstre	-	-	
F/K/I1	o_KV1, og o_KV4	o_GS1 til o_GS3, o_GS7, o_GG1, o_GG2	Alle som grensar GS til venstre	-	o_FRI4 til o_FRI6	
F/K/I2	o_KV1 og o_KV2	o_GS1 til o_GS3 o_GG1, o_GG2	Alle som grensar GS til venstre	-	o_FRI4 til o_FRI6	o_FLVS1
F/K/I3	o_KV1 og o_KV2	o_GS1 til o_GS3 o_GG1, o_GG2	Alle som grensar GS til venstre	-	o_FRI4 til o_FRI6	o_FLVS2
F/K/I4	f_KV6	-	-	-	-	
F/K/I5	-	-	-	-	-	
F/K/I6	f_KV6	-	-	-	-	
T	o_KV4 og f_KV6	o_GS8 og o_GS9	Alle som grensar GS til venstre	-	-	
BV	o_KV1 og o_KV4	o_GS1 til o_GS3, o_GS7, o_GG1, o_GG2	Alle som grensar GS til venstre	-	o_FRI4 til o_FRI6	
IDR	o_KV3	o_GS9, o_GS10	Alle som grensar GS til venstre	o_P	-	

8.3 Rekkefølge om krav til opparbeiding av leikeplass (PBL 12-7. nr. 4.)

Før det gis bruksløyve til første bustad i område BK skal det dokumenterast at felles leikeplass f_LEK er ferdig opparbeidd.

8.4 Rekkefølgekraft om støyreducerande tiltak (PBL 12-7. nr. 12)

Før det vert gjeve bruksløyve innanfor områda BK, BF og LEK skal det vere etablert støyskjerming mot veg som vist i plankart. Støyskjerminga skal sikre støytilhøva i tråd med krav i gjeldande T-1442.

Før o_KV1 kan takast i bruk skal det vere opparbeidd støyskjerming mot eigedomane gbnr. 46/17, 46/79 og 41/228 som vist i plankart. Støyskjerminga skal sikre støytilhøva i tråd med krav i gjeldande T-1442.

8.5 Rekkefølgekrav om stenging av avkøyrse (PBL 12-7. nr. 10)

Før f_KV9 vert teke i bruk skal dagens avkøyrse frå fylkesveg 61 stengjast.

8.6 Rekkefølgekrav om etablering av avskjeringskanal og bekkeinntak

Før områda o_FLVS1-2 kan opparbeidast må avskjeringskanal og bekkeinntak nord for fylkesvegen vere etablert dersom planlagt løp i reguleringsplan for Holstad byggefelt ikkje er etablert.

Dokument som får juridisk verknad gjennom tilvising i føresegnene:

- Overvassberekning Hareidsmyrane nord 2, Fjordvarme, datert 25.01.22
- Hareidsmyrane nord 2 – vurdering av planlagt tiltak opp mot vannressursloven, Norconsult, datert 12.20.2021

Hareid kommune, xx/xx/xxxx